

Møteprotokoll

Utval: Herøy kontrollutval
Møtestad: Herøy kyrkje - Amfiet
Dato: 08.12.2021
Tid: Kl. 12:00 – 15:00.

Medlemmar som møtte	Represerterer	Funksjon
Ann Elin Myklebust		Medlem. Frå sak 64 OS 06
Idar Kjell Tarberg		leiar
Jan Nilsen		nestleiar
Kristin Sævik		medlem
Leiv Magnar Aarflot		medlem

Andre som møtte

Vest kontroll:

Jostein Støylen. Dagleg leiar.

Astrid Landsverk Sande. Konsulent

Søre Sunnmøre kommunerevisjon IKS:

Bodill Skeide. Dagleg leiar/revisjonssjef.

Kommunen:

Trond Arne Aglen. Kommunedirektør. Gikk før sak 65.

SSIKT:

Odd Arild Djupvik. Leiar i driftssenteret. I sak 64 OS 06.

Sakliste

Sak nr.	Sakstittel	Arkivsaksnr.
61/21	Godkjenning av innkalling og sakliste	21/533
62/21	Godkjenning av protokoll	21/533
63/21	Skriv og meldingar	21/533
64/21	Orienteringar	21/533
65/21	Forenkla etterlevingskontroll 2021 Herøy - Risikovurdering	21/536
66/21	Gjennomgang av møteprotokollar	21/533
67/21	Vedtaksoppfølging kontrollutvalet	21/533
68/21	Saker til eventuell seinare behandling	21/533

Moltustranda, 10.12.2021

Idar Kjell Tarberg

Leiar

61/21 Godkjenning av innkalling og sakliste

Vedtak:

1. Kontrollutvalet godkjenner innkalling og sakliste. Leiaren får fullmakt til å endre saklista i høve dei som skal orientere.
2. Kristin Helsem Sævik skriv under møteprotokollen saman med leiaren.

Dagleg leiar si tilråding:

Kontrollutvalet godkjenner innkalling og sakliste.

62/21 Godkjenning av protokoll

Vedtak:

Kontrollutvalet godkjenner møteprotokollen frå siste møtet.

Dagleg leiar si tilråding:

Kontrollutvalet godkjenner møteprotokollen frå siste møtet.

63/21 Skriv og meldingar

Vedtak:

Kontrollutvalet tek meldingane til vitende.

Dagleg leiar si tilråding:

Kontrollutvalet tek meldingane til vitende.

64/21 Orienteringar

Underliggende sak:

Saksnr.	Tittel
06/21	Datasikring - Orientering
07/21	Intern kontroll i kommunen
08/21	Barnevernstenesta - Tilstandsrapport 2021

Vedtak:

Kontrollutvalet tek orienteringa til vitende.

Behandling:**OS 06/21 - Datasikring**

SSIKT Driftssenter Odd Arild Djupvik orienterte og svara på spørsmål. Viser til powerpoint som vert lagt i saka.

OS 07/21 - Intern kontroll i kommunen

Kommunedirektøren orienterte om intern kontrollen i kommunen. Det kom fram at kommunen har mykje etalberte reglement og rutiner - men det er mykje som tyder på at dei ikkje fungerer i praksis. Han opplyste at dette arbeidet må styrkast for å ivareta intern kontroll og HMS arbeidet.

OS 08/21 - Barnevernstenesta - Tilstandsrapport 2021

Kommunedirektøren orienterte og svara på spørsmål. Han er bekymra for utviklinga og særleg for "utanforskapet". Viktig med ei tydeleg oppgradering av det forebyggjande arbeidet. Jobbar for å styrke barnevernteneste.

Dagleg leiar si tilråding:

Kontrollutvalet tek orienteringa til vitende.

65/21 Forenkla etterlevingskontroll 2021 Herøy - Risikovurdering**Vedtak:**

Etter kommunelova skal revisor levere forenkla etterlevingsrevisjon, då ut frå ei risiko- og vesentleg vurdering som her vert lagt fram. Den er utarbeida av Søre Sunnmøre kommunerevisjon, som skal utføre etterlevingskontrollen.

Dagleg leiar si tilråding:

Etter kommunelova skal revisor levere forenkla etterlevingsrevisjon, då ut frå ei risiko- og vesentleg vurdering som her vert lagt fram. Den er utarbeida av Søre Sunnmøre kommunerevisjon, som skal utføre etterlevingskontrollen.

Kontrollutvalet kan ikkje overprøve revisjonen sitt val av område. Berre ta det til vitende.

66/21 Gjennomgang av møteprotokollar**Vedtak:**

1. Kontrollutvalet registrerer at i Utvalet for Helse og omsorg den 24/11-2021 fekk

to personar fekk permisjon. Dermed blei det ikkje vedtak i sak 48/21. Står ikkje begrunnelse for permisjonane. Det er uheldig at utvalet kjem i ein situasjon der dei til slutt ikkje er vedtaksføre.

2. Kontrollutvalet har elles, på noverande tidspunkt, ingen merknad til gjennomgådde møteprotokollar.

Dagleg leiar si tilråding:

Kontrollutvalet har, på noverande tidspunkt, ingen merknadar til gjennomgådde møteprotokollar.

67/21 Vedtaksoppfølging kontrollutvalet

Vedtak:

Kontrollutvalet tek gjennomgangen av vedtaksoppfølginga til vitende.

Dagleg leiar si tilråding:

Kontrollutvalet tek gjennomgangen av vedtaksoppfølginga til vitende.

68/21 Saker til eventuell seinare behandling

Behandling:

Det kom ikkje fram opplysningar som ga høve til vedtak på saker for seinare behandling.